

Kartlegging av naturressursar

Vedlegg til

Områderegulering for

Hauge, gnr. 63/ 455, 464, m.fl. Bjørnefjorden kommune



Nasjonal arealplan id:

Datert 21.01.2020


Innhald

1	Bakgrunn.....	2
1.1	Generelt.....	3
2	Kjente registreringar og forhold.....	3
2.1	Topografi, geologi, grunnforhold, historie.....	3
2.2	Naturressursar og vegetasjon	6
2.3	Naturressursar	8
3	Registreringar.....	9
3.1	Skildring av delområde	9
4	Verdsetjing og tilråding	11

Prosjekt: Bjørnafjorden Panorama	Rapportdato: 21.01.2020
Plannamn: Områderegulering for Hauge, gnr. 63/ 455, 464, m.fl. Bjørnafjorden kommune	Plannr. Saksnr.
Rapporttittel: Kartlegging av Naturressursar	
Fylke: Hordaland	Kommune: Bjørnafjorden
Stad: Hauge, aust for Osøyro	
<p>Samandrag: Jordbruksareala som ligg i planområdet er klassifisert som fulldyrka jord eller innmarksbeite. Planområdet ligg utanfor kjerneområde for landbruk. Landskapet i området ber preg av identitet frå eldre kulturlandskap og å vere nytta som landbruksområde. Garden Hauge strakk seg ein gong i frå Bø i aust til Oselva/ finnebrekka i aust og var før 900- talet ei del av storgarden Bø. Frå 1950 og utover har kulturlandskapet innanfor planområdet blitt meir og meir fragmentert og frådelt, men delar av kulturlandskapet er framleis i takt og nytta i dag.</p> <p><u>Landbruk, skog- og jordbruksressursar</u></p> <p>Det er fleire jordbruksteigar innanfor planområdet med ei fordeling (om lag):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fulldyrka jord (oransje) 26,2 daa - Overflatedyrka jord (gul) 0 daa - Innmarksbeite (lys gul) 16 daa - Skog (grøne) 45 daa <p><u>Fiskeressursar</u></p> <p>Det er registrert eit gyteområde like utanfor solstrandfjæra. Det er ikkje registrert fiskeområde for passive eller aktive reiskap innanfor planområdet.</p> <p><u>Vassressursar</u></p> <p>Det er i NVE sin kartteneste NEVIDA ikkje registrert større elver eller bekkar innanfor planområdet. Det er registrert ein brønn ved Luranetunet.</p> <p><u>Mineralressursar</u></p> <p>Det er ikkje registrert mineralressursar (industrimineraler, naturstein eller metaller) innanfor planområdet.</p> <p>Det er få avbøtande tiltak som kan gjennomførast utover å ta omsyn til registreringane ved å ikkje bygge ut jordbruksareala.</p>	
Oppdragsgjevar: Bjørnafjorden kommune	Forfattar: Bjørnar Ophaug Boge

1 Bakgrunn


Til oppstart av og ved tilbakemeldingar i planforum for områdeplanen på Hauge vart det presisert at naturressursar i området må undersøkast. Og at dette vert vidare nytta i samband med planlegging av området, og særleg knytt opp mot grønne strukturar. Desse forholda er også knytt opp til kulturlandskapet, og heilskapleg planlegging kring desse områda. Jordbruksareala som ligg i planområdet er klassifisert som fulldyrka jord eller innmarksbeite. Mykje av desse areala er i kommuneplanen sett av til andre føremål enn LNF. Alt areal som har status som LNF ligg nord for Solstrandsvegen. Landbrukseigedomane i planområdet har jordbruksareal på begge sider av Hatvikvegen.



Figur 1: Utsnitt av kommuneplanens arealdel. (kjelde: kartios)

Areala som i dag er regulert til golf var ein viktig del av ressursgrunnlaget i tida det var husdyrdrift på eigedomane. Golfbana på nordsida av Hatvikvegen er del av eit kjerneområde landbruk som omfattar Hauge, Lyssand, Bø og Vall. Grensa til kjerneområdet går langs nordsida av Hatvikvegen. I Gardskarta(nibio.no) ligg areala som er regulert til golf som anna markslag. Dersom golfdrifta opphøyrer, skal dette arealet gå tilbake til LNF område (Jf. Reguleringsføresegner golfbane Hauge, 2007)

Planområdet ligg ikkje innanfor kjerneområde for landbruk, men grensar opp til eit større, samanhengande område for kjerneområde landbruk mot nordaust, sjå figur frå planomtalen til gjeldande kommuneplanens arealdel under.



Figur 2: Utsnitt som viser kjerneområde for utvikling i området. Planområdet vist med blått. Os kommune KPA

1.1 Generelt

Jordloven legger vekt på at jordviddene skal brukes på den måten som er mest gagnlig for

1. samfunnet (med sikte også på fremtidige generasjoners behov)
2. de som har yrket sitt i landbruket.


«Bestemmelsene i jordloven § 9 innebærer et forbud mot omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til formål som ikke hører inn under eller er et ledd i jordbruksproduksjon. Formålet med omdisponeringsforbudet er jordvern, altså å sikre produktive, matproduserende arealer og jordsmonnet. Utgangspunktet er med andre ord at det er et forbud mot å ta jordbruksarealer i bruk til boligbygging, industri eller samferdselsanlegg, for å nevne noen eksempler. Driftsbygninger og landbruksveier inngår derimot som et ledd i jordbruksproduksjon, og omfattes ikke av omdisponeringsforbudet selv om tiltakene skjer på jordbruksarealer eller dyrkbar jord. Selv om forbudet mot omdisponering legger opp til et strengt jordvern, kan det ved «særlege høve» gis dispensasjon til omdisponering. Det skal foretas en samlet vurdering, der det skal tas hensyn til godkjente planer etter plan- og bygningsloven, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet omdisponeringen vil gi.» (Landbruksdirektoratet rapport «Vernebestemmelsene i jordloven», 2016)

2 Kjente registreringar og forhold

2.1 Topografi, geologi, grunnforhold, historie

Os vart isfri for om lag 14 000 år sidan. Havet trengde då inn over Osdalføret heilt til Hauglandsvatnet. Skjel frå denne tida er å finna på elvebotnen i Oselva, i Stongavadet ved Tøsdal. 1500 år seinare rykte breen fram att, frå fjellområda i Sveningen og ned Osdalføret og ut gjennom Fusafjorden. Brefronten som gjekk ut fjorden, stoppa opp då han nådde ut til Haugsneset og Vinnes. Havet stod då 58 meter høgare enn i dag. Det vart avsett tjukke morenemassar på Hauge, mellom breane i Fusafjorden og Osdalføret. (kjelde: ei grind).

Morenemassane har seinare gjeitt gode vilkår for jordbruk som seinare har gjeidd grunnlag for busetjing i området. Gjennom 4-4000år har det budd folk på Haugetarrasen- meir enn hundre generasjonar.



Figur 3. Marin grense, havnivået før landhevinga etter siste istid og lausemassekart. Kjelde: NGU

Landskapet i området ber preg av identitet frå eldre kulturlandskap og å vere nytta som landbruksområde. Garden Hauge strakk seg ein gong i frå Bø i aust til Oselva/ finnebrekka i aust og var før 900- talet ei del av storgarden Bø. Frå 1950 og utover har kulturlandskapet innanfor planområdet blitt meir og meir fragmentert og frådelt, men delar av kulturlandskapet er framleis i takt og nytta i dag.




Figur 4: Flyfoto av planområdet i 1951. Foto: Norge i bilder



Figur 5: Flyfoto av planområdet i dag. Kulturlandskapet har blitt meir og meir fragmentert. Foto: Norge i bilder


Topografien i planområdet ligg for det meste på ei samanhengande høgde medan delar av området (Døsvikhagen) strekk seg ned mot sjø. Store deler av planområdet vender mot sør/søraust. Berggrunnen i øvre del planområdet er i NGU's berggrunnskart kvartsaugagneis, omdanna trondhemitt, lokalt omdanna tonalitt til kvartsdioritt. Nedre del er metabasalt, til dels omdanna putelava, basaltiske gangar og gangkompleks, gabbro, dioritt og enkelte kiselsteinslinser. Det er ikkje registrert område med betydning som ressurs for grus og pukk, eller område med geologisk arv innanfor planområdet. Nedre del av planområdet er innanfor marin grense og området består av morenemassar i ulike tjukklag. Heile planområdet består at tynn eller tykk morenemassar. Store deler av området er jorddekt, medan det er mindre delområde som er grunnlendt.




Figur 6: Grunnforhold

2.2 Naturressursar og vegetasjon


Store deler av planområdet er enten utbygde område, innmarksareal eller skogsområde. Naturressursane i området knyt seg primært til jordbruk og fulldyrka mark. I hovudsak vert innmarka i området nytta til beite eller grasproduksjon. Skogsområda er stort sett lauvskog i område med særst høg bonitet. Noko som treslaga som ein finn i området reflekterer.



Kartutsnitt som viser arealressursar innanfor planområdet



Bonitetskart fra Ar5 kart.



Treslag registrert i Ar5 kart.

2.3 Naturressursar

Landbruk, skog- og jordbruksressursar

Det er fleire jordbruksteigar innanfor planområdet med ei fordeling (om lag):

- Fulldyrka jord (oransje) 26,2 daa
- Overflatedyrka jord (gul) 0 daa
- Innmarksbeite (lys gul) 16 daa
- Skog (grøne) 45 daa



Figur 7: Markslagskart som berre viser innmarksareal (fulldyrka jord = oransje, overflatedyrka jord = gul, innmark = lys gul) og størrelse på areala. (kjelde: NIBIO)

Utmarksressursar

Det er avgrensa med utmarksbeite innanfor planområdet.

Fiskeressursar

Det er registrert eit gyteområde like utanfor solstrandfjæra. Det er ikkje registrert fiskeområde for passive eller aktive reiskap innanfor planområdet.

Vassressursar

Det er i NVE sin karttjeneste NEVIDA ikkje registrert større elver eller bekkar innanfor planområdet. Det er registrert ein brønn ved Luranetunet.

Mineralressursar

Det er ikkje gjennomført geologisk kartlegging i planområdet og ein har derfor ikkje detaljert kunnskap om geologien i området. Det er ikkje registrert mineralressursar (industrimineraler, naturstein eller metaller) innanfor planområdet. Berggrunnen i øvre del planområdet er i NGU's berggrunnskart kvartsaugeneis, omdanna trondhemitt, lokalt omdanna tonalitt til kvartsdioritt. Nedre del er metabasalt, til dels omdanna putelava, basaltiske gangar og gangkompleks, gabbro, dioritt og enkelte kiselsteinslinser

3 Registreringar

3.1 Skildring av delområde

Etter synfaring er planområdet delt inn i naturlege delområde med utgangspunkt gnr/bnr. Skildringa av områda er **henta frå land**.

1. Jordbruksområde gnr/bnr 63/7. Det er hestehald på denne eigedomen. Størsteparten av jordbruksarealet i planområdet høyrer til denne eigedomen på totalt 68,4 dekar. Av dette er 21,5 dekar fulldyrka jord og 11,9 dekar klassifisert som innmarksbeite. 6,3 dekar er klassifisert som skog. Den mest drivverdige teigen er 11,2 dekar fulldyrka jord som grensar til Hatvikvegen. Dette arealet vert hausta og nytta til hestefôr. Arealet er lettdrive og i god hevd. Driftsbygningen er i bruk. Innmarksbeitet nær tunet, 2,3 dekar, vert nytta som lufttegard for hestane. Anna dyrka areal som høyrer til garden er i kommuneplanen sett av til framtidig friområde, offentlig bygg og bustadområde. Dette gjeld 8,9 dekar klassifisert som fulldyrka jord og 6 dekar klassifisert som innmarksbeite på sørsida av Solstrand vegen. Areala her vert nytta til beite for hestane. Det er også eit areal på 3,2 dekar klassifisert som innmarksbeite sør for Luranetunet. Utanfor planområdet, på nordsida av Hattvikvegen, ligg ein teig på 14,2 dekar som er del av golfbana.





Anfall teiger	Fulldyrka jord	Overflate dyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebyggd, samf. vann, tre	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
9	21,5	0,0	11,9	6,3	18,2	10,5	0,0	68,4
9	21,5	0,0	11,9	6,3	18,2	10,5	0,0	68,4

2. Gnr./bnr 63/517: Dette er 2,2 dekar som er delt frå 63/7. Av dette er 1,9 dekar fulldyrka jord. Eigedomen er i kommuneplanen er sett av til framtidig bustad.



Matrikkelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overfale dyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	markslag	vann, bre	klassifisert	grunneiendom
Ei 4624-63/517 Areal i dekar		1	1,9	0,0	0,1	0,0	0,0	0,2	0,0
4624-63/517		1	1,9	0,0	0,1	0,0	0,0	0,2	0,0
Sum									2,2

3. Hauge 63/1 : Har til saman 30,2 dekar jordbruksareal. Av dette er 2,5 dekar fulldyrka jord i planområdet. LNF området er her splitta opp ved at eitt av bustadhusa, og eit areal på om lag 1,5 dekar, ligg som bustad i kommuneplanen. Det er ikkje areal klassifisert som dyrka mark sør for tunet. Det er ein eldre driftsbygning på eigedomen. Anna areal som er att på denne eigedomen ligg innanfor golfbana på nordvest sida av Hatvikvegen. Også areal på 63/521 er klassifisert som fulldyrka, 0,9 dekar. Arealet er regulert til bustad.



Matrikkelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overfale dyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebyggd, samf. vann, bre	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
Ei 4624-63/1 Areal i dekar		4	2,5	0,0	0,0	3,4	17,5	6,8	0,0
4624-63/1		4	2,5	0,0	0,0	3,4	17,5	6,8	0,0
Sum									30,2

4. Gnr./bnr. 63/455 Gjestetunet: Det som tidlegare var våningshuset på landbrukseigedomen har no 63/464. Begge grunneiendomane ligg i LNF. På 63/455 ligg dei to bygningane til Gjestetunet, eit areal på 2,1 dekar klassifisert som innmarksbeite og 1,4 dekar klassifisert som skog. Resten av arealet er klassifisert som bygd eller skog med lav bonitet (0,7 dekar.) Jordbruksarealet vert nytta som hage for verksemda. Eigedomane har tidlegare vore del av 63/10, som har hovuddelen av areala lokalisert på nordsida av Hatvikvegen. Desse areala er nytta til golf.



4 Verdsetjing og tilråding

Verdivurderinga er gjort med grunnlag i kartlaget «Verdiklasser basert på AR5 og DMK» av NIBIO. Kartet er utvikla for bruk ved konsekvensanalyser etter «Håndbok for Konsekvensanalyser» frå Statens vegvesen, og nyttast for område utan jordsmonnkart. Opplysningar frå AR5 og DMK gjer grunnlag for å differensiere verdien av jordbruksareal enn det jordsmonnkartet gjer, og det gjer ikkje grunnlag for å identifisere jordbruksareal i klassen «Svært stor verdi». I AR5 er jordbruksarealet delt i klassane fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Desse er igjen delt inn etter grunnforholda jorddekt, organisk jord og grunnlendt. I DMK er jordbruksareala også delt inn etter driftsforhold for jordbruket i klassane lettbrukt, mindre lettbrukt og tungbrukt jord, basert på faktorane helling, form (arrondering) og størrelse.


Stor verdi: Fulldyrka jord som er jorddekt og ikkje tungbrukt.

Middels verdi: Fulldyrka organisk jord, fulldyrka tungbrukt jord, samt innmarksbeite og overflatedyrka jord som er jorddekt.

Noko verdi: Innmarksbeite og overflatedyrka jord som er grunnlendt eller har organiske jordlag.

Planområdet har variert struktur og omfattar areal som er sterkt nedbygde område, bustadar med hagar, parkområde, innmarksareal, samt skogsteigar. Det er få større skogsområde innanfor planområdet, samstundes som det er enkeltstående tre/område med kratt som fungerer som grønt korridorar for lokalt naturmangfald. Skogbruksressursane innanfor planområdet er vurdert til å vera utbetydelege sett i lys av økonomisk gevinst potensiale, storleik på teigane og biomasse/type tre som er registrert i områder klassifisert som skog.

I tillegg til dette er det gjort synfaringar i området og justeringar i kartlaget med bakgrunn i ny busetnad/tiltak som kartlaget frå NIBIO ikkje har vist omsyn til.



Figur 8: Verdisetting av jord- og skogbruksareal.

Det er få avbøtande tiltak som kan gjennomførast utover å ta omsyn til registreringane ved å ikkje bygge jordbruksareala. Det vert tilrådd å velje eit alternativ som gjer minst tap av fulldyrka jord. Om det vert vurdert eit alternativ som fører til omdisponering av jordbruksareala skal det: *«foretas en samlet vurdering, der det skal tas hensyn til godkjente planer etter plan- og bygningsloven, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunngagnet omdisponeringen vil gi.»*

Andre relevante forhold og tiltak for vidare planlegging

- Jordbruksareal som eventuelt vært berørt bør håndteres slik at overflatejorda sikras til jordbruksformål andre stadar.
- LNF-område i kommuneplanen bør vidareførast.
- Dersom det vert vurdert endre formål frå LNF-område bør det veljast eit alternativ/formål som gjer at jordbruksarealet vert minst mogleg forringa.